



Innst. S. nr. 192

(2002-2003)

Innstilling til Stortinget fra samferdselskomiteen

St.meld. nr. 32 (2001-2002) og St.meld. nr. 18 (2002-2003)

Innstilling fra samferdselskomiteen om situasjonen i den norske mobilmarknaden

Til Stortinget

1. INNLEDNING

1.1 Sammendrag

Innstillingen bygger på St.meld. nr. 32 (2001-2002) Om situasjonen i den norske mobilmarknaden og St.meld. nr. 18 (2002-2003) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 32 (2001-2002) Om situasjonen i den norske mobilmarknaden.

Med bakgrunn i at St.meld. nr. 32 (2001-2002) ikke ble behandlet i Stortinget i vårsesjonen 2002, henvendte samferdselskomiteen seg til Samferdselsdepartementet ved brev 2. oktober 2002 med forespørsel om oppdatering på områder som meldingen omtaler. Av brevet fremgår det at komiteen spesielt ønsket oppdatering i forhold til utbygging og utvikling av UMTS i Norge og i andre sammenlignbare land, og om oppfølging av krav til utbyggingstakt overfor UMTS-konsesjonærene i Norge og evt. vurdering av antall lisenser.

Markeds- og konkurransesituasjonen i det norske mobilmarkedet og Utbygging av UMTS i Norge utgjør hovedtemaene i tilleggsmeldingen. jf. hhv. kapittel 2 og 3.

Etter at St.meld. nr. 32 (2001-2002) ble lagt frem, har departementet videre mottatt en oppsummering fra Post- og teletilsynet av gjennomført høring om fremtidig bruk av frekvensene som benyttes til drift av mobilsystemet NMT 450. I meldingens kapittel 4 blir det gitt en orientering om videre forvaltning av frekvensene i 450 MHz-båndet.

1.1.1 St.meld. nr. 32 (2001-2002)

St.meld. nr. 32 (2001-2002) behandlar tema som knytter seg til mobilmarknaden spesielt, og vurderingane er såleis spesifikke for mobilområdet.

Det er departementet sitt mål at Noreg også i framtida skal liggje i front med omsyn til å utvikle og ta i bruk nye tenester og ha låge prisar. Samstundes må vi steg for steg fortsette med bygginga av ein velfungerande og funksjonell mobilmarknad.

I meldinga vert det orientert om synet på konkurransen i den norske mobilmarknaden, og lagt fram forslag til kva tiltak det kan vere aktuelt å setje i verk for å auke denne. Det blir m.a. vist til rapport frå Post- og teletilsynet av januar 2002, der det blir konkludert med at mobilkonkurransen ikkje kan seiast å vere verksam.

Det er vidare orientert om den utbygginga som UMTS-konsesjonærene har gjort hittil. Marknadssituasjonen har endra seg vesentleg sidan tildelinga av desse konsesjonane i desember 2001. Departementet gjer ei nærmare vurdering av rammevilkåra for UMTS-konsesjonærene, og av kva som bør skje med ein ledig konsesjon. Departementet finn det naturleg å sjå UMTS-konsesjonane i samanheng med konkurransesituasjonen og vurderinga av eventuelle tiltak for å betre konkurransen. UMTS-marknaden er framtidas mobilmarknad, og dette må etter departementet si oppfatning naturleg bli tatt omsyn til i dei vurderingane ein gjer omkring noverande og framtidig regulatorisk politikk på mobilområdet.

Verksam konkurranse

Konkurransetilhøva i marknaden har ein sentral stilling i telepolitikken. Eit viktig verkemiddel for å nå dei telepolitiske måla er å etablere verksam konkurranse. Dette krev ein bevisst regulatorisk tilnærming og målretta bruk av dei verktøya som ligg i gjeldande regelverk, og som vil ligge i kommande regelverk. Samstundes må ein ta omsyn til at nokre av dei telepolitiske måla på mobilsida ikkje vil følgje av konkurransedynamikken, og at dette kan krevje ei anna regulatorisk tilnærming på nokre områder.

EU har nyleg vedteke den såkalla "telekompakka" der ei rekkje nye direktiv om elektronisk kommunikasjon skal erstatte dei eksisterande direktiva som regule-

rer telesektoren. Dei nye EU-direktiva skal setjast i verk i norsk rett innan 25. juli 2003, jf. Ot.prp. nr. 58 (2002-2003) Om lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven).

1.1.2 St.meld. nr. 18 (2002-2003) - Tilleggsmeldinga

Selv om Regjeringens forslag i St.meld. nr. 32 (2001-2002) til grunnleggende politikk, målsettinger og virkemiddelbruk på mobilområdet i utgangspunktet ligger fast, mener departementet at det med grunnlag i markedsutviklingen på mobilområdet i det drøye halvåret siden meldingen ble lagt frem, likevel er nødvendig å justere noen av de opprinnelige forslagene for å nå de telepolitiske målene.

Tilleggsmeldingen tar ikke opp nye temaer, og slik departementet ser det, vil høringsuttalelsene som er gjengitt i St.meld. nr. 32 (2001-2002) fortsatt være relevante og dekke de temaer som tas opp i St.meld. nr. 18 (2002-2003).

1.2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Frøyn, Jan Petter Rasmussen og Tor-Arne Strøm, fra Høyre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans R. Kjæstad og lederen Petter Løvik, fra Fremskrittspartiet, Morten Ørsal Johansen og Kenneth Svendsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, fra Kristelig Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl og fra Senterpartiet, Jorunn Ringstad, registrerer at utbredelsen av mobiltelefoni i Norge er nærmere 80 pst. og at forbruket av mobiltjenester er av de høyeste i internasjonal sammenheng.

Komiteen er enig i departementets ambisjon om at Norge skal ligge i front når det gjelder lave priser og å utvikle og ta i bruk nye tjenester. Utbyggingen av UMTS-nett vil bidra til å frambringe nye mobiltjenester.

Komiteen vil vise til at Stortinget ved flere anledninger har slått fast at virksom konkurranse er en forutsetning for å nå de telepolitiske målsettingene om at hele landet skal ha kvalitativt gode teletjenester til lavest mulig pris.

Komiteen mener at det norske mobilmarkedet skal være innovativt, gi likeverdige og lave priser i hele landet. Et godt utbygd mobilnett er en forutsetning for en god distriktspolitikk.

Komiteen vil peke på den muligheten mobilsektoren gir for å utvikle næringsliv og arbeidsplasser i andre samfunnsområder. Komiteen mener samtidig at det ligger et stort potensial i å skape næringsvirksomhet for bruk i mobilsektoren, både som innholdsleverandør og som "hardware" utvikling.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, vil understreke at de viktigste bidragene for å stimulere til en slik næringsutvikling er en stram finanspolitikk og økt satsing på FOU.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, mener at telebransjen må behandles på linje med annet næringsliv. Norge ligger langt framme når det gjelder bruk av IT og tele både i næringslivet og i telemarkedet. Telenæringen har selv mye forsknings- og utviklingsaktivitet, og bransjens FOU ligger langt over det som er gjennomsnittet i norsk næringsliv. Dette er fortrinn vi kan bruke til å bygge opp et nytt kunnskapsbasert næringsliv.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at Regjeringen i meldingen skriver at meldingen bare omhandler mobilsektoren. Disse medlemmer mener at det ikke lenger finnes strenge skiller mellom mobiltelefoni og andre teleområder. I framtiden vil skillene bli borte.

Disse medlemmer vil se utbyggingen av UMTS i en større telepolitisk sammenheng hvor alle typer telefoni inngår. Disse medlemmer finner det derfor nødvendig å presisere at i denne innstillingen vil disse medlemmer også vurdere utbygging av UMTS opp mot andre typer nett for elektronisk kommunikasjon.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet slutter seg i hovedsak til Regjeringens konklusjoner når det gjelder utviklingen av UMTS (Universal Mobile Telecommunications System) eller "3. generasjons mobiler" ("3G").

Disse medlemmer mener 3G-teknologien vil bli tatt i bruk av et stort antall mennesker relativt raskt etter at nettverkstilgang og 3G-telefoner blir tilgjengelig.

Fordelen med 3G er at mobiltelefonen blir å sammenligne med en nettilkoblet PC, som inneholder internett, e-post, tekstbehandling, grafikk, foto, regneark, kort sagt et apparat med alle de elektroniske tjenestene vi bruker i hverdagen.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet viser til at det vil vere nødvendig å bruke fleire typar virkemiddel for å sikre heile landet kvalitativt gode teletenester til låg pris. I dei områda av landet der utbygging av nett blir rekna som ulønnsamt, kan det vere nødvendig med statleg medfinansiering av nettutbygginga. Ei slik ordning finst mellom anna i Sverige.

Denne medlemen fremmar følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringa leggje til rette for statleg medfinansiering av nettutbygging i dei områda i landet som ikkje får tilfredsstillande tilbod om teletenester på annan måte."

2. MARKEDS- OG KONKURRANSE-SITUASJON

2.1 Sammendrag

2.1.1 St.meld. nr. 32 (2001-2002)

I kapittel 2 i St.meld. nr. 32 (2001-2002) vert det sett nærmare på, samt gjort ei vurdering av, markeds- og konkurransetilhøva i den norske mobilmarknaden.

Offentlege system for mobilkommunikasjon vart introduserte i den norske marknaden på byrjinga av 1980-talet. Internasjonalt sett var Noreg mellom dei første landa som gjorde automatiserte system for mobilkommunikasjon allment tilgjengelege, og heilt frå introduksjonen og fram til i dag har Noreg vore i fremste rekkje med omsyn til å ta i bruk mobile teletenester. Veksten i bruk av mobilkommunikasjon har vore spesielt sterk frå midten av 1990-talet, og utviklinga når det gjeld pris, kvalitet og tenestefomfang har gjort at mobiltelefonen i dag står fram som eit stadig viktigare kommunikasjonsverktøy både for næringsliv og folk flest.

Nettoperatørar

Med omgrepet nettoperatørar vert det sikta til verksemdar som står for utbygging, drift og vedlikehald av mobilnetta.

Tilgang til radiofrekvensar er ein føresetnad for å kunne etablere og drive mobilnett. Av omsyn til at radiofrekvensar er ein knapp naturressurs er talet på operatørar som får høve til å etablere offentlege system for mobilkommunikasjon, difor avgrensa. Sjølv om det per i dag berre er to operatørar som har bygd ut eigen infrastruktur for offentlig mobilkommunikasjon, NetCom GSM as og Telenor Mobil AS, er tilhøva etter departementet si vurdering lagt godt til rette for at det kan verte etablert konkurrerande infrastruktur.

Tenesteleverandørar

Tenesteleverandørane tilbyr sluttbrukarar tilgang til mobilnetta gjennom eit fast abonnement eller eit kontantkort. Dei faste abonnementa blir i privatmarknaden tilbode av dei fleste tenesteleverandørane i to-tre variantar som rettar seg inn mot ulike bruksmønster.

Når det gjeld marknadstilhøva, har Telenor Mobil AS og NetCom GSM as inntil nyleg vore åleine om å tilby mobiltenester til sluttbrukarane. Sjølv om framveksten av fleire tenesteleverandørar har medført auka konkurranse, er mobilmarknaden framleis dominert av dei to nettoperatørane som samla sett har ein marknadsdel på over 90 pst. målt i omsetnad i sluttbrukarmarknaden per første halvår 2001 (Telenor Mobil AS 61 pst. og NetCom GSM as 30 pst.).

Prisar og tenester

Samanlikna med situasjonen i andre europeiske land, er prisane for bruk av mobiltelefoni i Noreg låge. Dei underliggjande kostnadene, forskjell i nettverka og utviklinga i marknaden kan gje opphav til prisforskjellar som ikkje treng å samsvare direkte med konkurransenivået i dei ulike landa. Statistikk frå Post- og teletilsynet syner at samtaleprisane innanfor eitt og same nett vart meir enn halverte frå midten av 1990-talet og fram til 1998, men at det deretter har vore liten nedgang. Prisane for samtalar mellom netta vart også redusert heilt på slutten av 1990-talet, men ikkje i same omfang som prisane for samtalar innanfor same nett. Abonnementsprisane har vore tilnærma uendra dei siste seks-sju åra.

Noreg er mellom dei landa i heile verda med størst mobiltettleik. Om lag 70 pst. av befolkninga er aktive kundar, medan 78 pst. er abonnentar.

Konkurransetilhøve

Når det gjeld konkurransetilhøva, meiner departementet at det er fleire teikn som tyder på at konkurransen i den norske mobilmarknaden ikkje er tilfredsstillande.

Etter departementet sitt syn er hovudårsaka til dette at det er for få aktørar av ein viss storleik som konkurrerer i den norske mobilmarknaden. Det låge talet på aktørar av ein viss storleik, er eit resultat av etableringsbarrierane i mobilmarknaden.

Sjølv om det har vore ein framvekst av fleire tenesteleverandørar, er marknadsdelane til nettoperatørane framleis så store at det må kunne seiast å eksistere ein såkalla "duopolsituasjon" i den norske mobilmarknaden.

Departementet meiner at konkurransetilhøva og marknadsstrukturen i mobilmarknaden ikkje er unaturlege fordi det er ein bransje der det er ein føresetnad at sel skapa er store for at dei skal kunne vere lønsame. I tillegg er den norske marknaden relativt liten. I slike marknader vil det eksistere vesentlege etableringsbarrierar, og ein vil ikkje finne mange aktørar. Men departementet meiner like fullt at det i framtida bør liggje til rette for at nye, større aktørar kan kome inn i marknaden, at eksisterande konkurrentar til Telenor Mobil AS og NetCom GSM as kan styrkje seg og at vi kan få alternative nisjeaktørar i marknaden.

2.1.2 Sammenheng - St.meld. nr. 18 (2002-2003) - Tilleggsmeldinga

Kapittel 2 i St.meld. nr. 18 (2002-2003) viderefører vurderingene i St.meld. nr. 32 (2001-2002) om markeds- og konkurransesituasjonen i det norske mobilmarkedet og om virkemidler for å styrke konkurransen.

Det langsiktige telepolitiske målet skal være å legge til rette for bærekraftig konkurranse i mobilmarkedet.

Utvikling av bærekraftig konkurranse er en forutsetning for at sektorspesifikk teleregulering kan avvikles på sikt. For å nå målet må de regulatoriske virkemidlene innrettes mot å legge til rette for, og belønne, aktører og virksomhet som bidrar til at markedet blir mer effektivt. Dette innebærer at staten gjennom sine inngrep i mobilmarkedet, må stimulere til økt selvstendighet hos flere aktører i forhold til operatører med sterk markedsstilling bl.a. ved å oppfordre til investeringer i egen infrastruktur.

2.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg departementets og Post- og teletilsynets (PTs) vurdering av at konkurransen i mobilmarkedet (GSM) ikke er tilfredsstillende og at vi ikke har virksom konkurranse på dette området. Vi har i dag et duopol, hvor Telenor og NetCom er alene med landsdekkende nett, mens det i tillegg er aktører som selger tjenester i Telenors og NetComs nett.

Selv om det er tildelt flere GSM-lisenser, og det fortsatt er mulig å få tildelt nye, har det så langt ikke ført til utbygging av nye landsdekkende GSM-nett og styrking av nettverkskonkurransen i betydelig grad.

Komiteen deler departementets målsetting om å styrke nettverkskonkurransen. Det vil redusere behovet for sektorregulering og i beste fall føre til at behovet for regulering av mobilområdet bortfaller på sikt.

3. VIRKEMIDDEL FOR Å STYRKE KONKURRANSEN

3.1 Sammendrag

3.1.1 St.meld. nr. 32 (2001-2002)

I kapittel 3 i St.meld. nr. 32 (2001-2002) er det gjort ei vurdering av ulike verkemiddel for å styrke konkurransen. Verkemiddel som blir nærmare vurdert er ulike sider ved retten til tilgang til eksisterende mobilnett for operatører utan eigne nett, til dømes spørsmålet om tilgang for såkalla virtuelle operatører, samt ulike metodar for tildeling av radiofrekvensar og høvet til å kunne omsette ein tildelt rett til frekvensbruk.

Regelverk

Det er eit viktig verkemiddel for å nå fastlagde politiske mål å leggje tilhøva til rette for verksam konkurranse. Etableringsbarrierane i mobilmarknaden er etter Departementet si vurdering den viktigaste årsaka til at konkurransen i denne marknaden ikkje er tilfredsstillande.

Departementet har i vurderingane teke omsyn til kommande reguleringsregime på området for elektronisk kommunikasjon. Eit siktemål med den nye reguleringa er å gje grunnlag for verksam konkurranse i marknaden for elektronisk kommunikasjon og legge tilhøva til rette for at det kan bli etablert ein berekraftig konkurranse på lengre sikt, dvs. ein marknad som i all hovudsak klarer seg sjølv utan anna intervensjon enn den som måtte følgje av generell konkurranserett.

For å få til ei slik utvikling i den norske mobilmarknaden ser departementet det som ei hovudutfordring å leggje tilhøva til rette for at det vert etablert fleire reelt konkurransedyktige verksemder som er mest mogleg uavhengige av kvarandre. Overgang til meir konkurranse vil krevje ein målretta bruk av verkemiddel og ein strategi som er langsiktig.

Tilgang til nett

Tilbydarar av offentleg telenett og offentleg teletenester har i dag rett til tilgang til eksisterande nettressursar via samtrafikk (herunder indirekte aksess ved bruk av prefiks eller fast føreval), spesiell netttilknytning og leide samband, jf. telelova og forskrift om offentleg telenett og offentleg teleteneste (teleforskrifta). Som hovudregel og utgangspunkt gjeld reglane om tilgang både for faste og mobile nett. Tilgang til mobile telenett er dessutan særskilt regulert i teleforskrifta § 4-6.

Tilgang til nett er eit verkemiddel som allereie er teken i bruk for å auke konkurransen i mobilmarknaden. Bruken av dette verkemiddelet er på mange måtar komplisert. Tilbydarar med sterk marknadsstilling i

den norske mobilmarknaden pliktar å imøtekomme rimeleg førespurnad om tilgang til nettet. Spørsmålet er om plikta skal verte utvida til å gjelde virtuelle mobiloperatører. Tvungen tilgang kan innebere potensielt store regulatoriske kostnader, og kan påverke motiva til nettoperatørane for å gjere investeringar i eksisterande og framtidige mobilnett. Meir omfattande tilgangsreglar kan betre konkurransen i marknaden, men samstundes kan det føre utviklinga i ei for fastlagd retning i ein marknad som har større utsikter til eigendynamikk. På andre sida kan verksemder som baserer seg på tilgang, utgjere eit nyttig supplement til infrastrukturkonkurransen og auke tilbodet for forbrukarane.

Tilgang for virtuelle operatører

Ein virtuell operatør er ei verksemd som ikkje har konsesjon til å bruke radiofrekvensar, men som vil måtte ha tilgang til eitt eller fleire nettverk til eksisterande mobiloperatører for å bli operativ. Verksemda vil vere i stand til å tilby tenester til kundane ved å bruke eksisterande mobilnett.

Tilgangsspørsmålet kjem først og fremst på spissen i høve pålegg om tilgang for såkalla virtuelle operatører. Det er i høvet til denne mest omfattande tilgangsforma at spørsmålet er mest omstridd. Eventuelt pålegg om tilgang for virtuell operatør vil innebere at ein uavhengig tilbyder blir gitt tilgang til eksisterande mobilnett, slik at denne blir gitt høve til å produsere og selje eigne mobile teletenester i konkurranse med dei eksisterande nettoperatørane. Andre mindre omfattande tilgangsformer er tenesteleverandørar som gjennom tilgang til eksisterande mobilnett berre er gitt høve til å stå for ei avgrensa tenesteproduksjon sjølv, og vidareseljarane som sel mobilabonnement med eiga profilering og fakturering, men der all teknisk tenesteproduksjon skjer hjå nettoperatoren.

Departementet ser at det på den eine sida kan vere fordelar ved å gje pålegg om tilgang for virtuelle operatører. Ei plikt til å gje slik tilgang kan auke konkurransen dersom vi ser på biletet i marknaden i dag. På den andre sida har dei potensielle fordelane ved å gi pålegg om slik tilgang ein umiddelbar kostnad. Pålegg om tilgang vil medføre meir regulering og større offentleg ressursbruk, samt kunne hindre ei mogleg positiv utvikling i marknaden når det gjeld alternativ infrastruktur.

Spørsmålet om tilgang for virtuelle operatører vart seinast vurdert i samband med handsaminga av St.meld. nr. 24 (1999-2000), jf. Innst. S. nr. 146 (1999-2000). Det vart den gong gjeve tilslutning til forslaget om at tilbydarar med sterk marknadsstilling ikkje skulle bli pålagt å gi tilgang for virtuelle operatører. Utan at det har skjedd regulatoriske inngrep, har det i tida etter at meldinga vart handsama skjedd ein framvekt av vidareseljarar i den norske mobilmarknaden. Desse utgjør etter Departementet si vurdering eit nyttig supplement til infrastrukturkonkurranse og bidrar til å auke tilbodet for forbrukarane. I høyringsrunden er det fleire av desse vidareseljarane som har gjort gjeldande eit behov for betring av vilkåra for tilgang dei har med

nettoperatorene. Departementet meiner det er viktig at innsatsfaktorane i marknaden vert prisa effektivt, og det vert i denne samanheng vist til vurderingane som er gjort i høve til prisregulering.

Oppsummering om virtuelle operatørar

Etter det departementet kjenner til er det per i dag berre Spania og Danmark som har innført ei plikt om å gi tilgang for virtuelle operatørar, men det er etablert virtuelle operatørar i fleire andre europeiske land med grunnlag i kommersielle avtalar. Sjølv om det i gjeldande regulering ikkje eksisterer skrankar for at tilsvarende avtalar kan verte inngått her til lands, finn Regjeringa etter ei konkret vurdering likevel grunn til å innføre ei plikt for tilbydarar med sterk marknadsstilling, om å imøtekomme rimeleg førespurnad om tilgang frå virtuelle operatørar. Regjeringa meiner at ein slik plikt kan vere eit nyttig supplement til den konkurransen som elles vil utvikle seg i marknaden. Det er ei rekkje argument som talar til fordel for tilgangsplikt for virtuelle operatørar ut frå marknadssituasjonen i dag, og etter Regjeringa si vurdering er det ikkje lenger avgjerande grunn til å oppretthalde avgrensinga mot virtuelle operatørar i forskrifta § 4-6. Like fullt må ein ta omsyn til konkurransen i den norske marknaden på lang sikt, og ikkje undergrave investeringsviljen med omsyn til både eksisterande og framtidig infrastruktur. Det er difor viktig at tilgangsvilkåra balanserer risiko og vinst på ein forsvarleg måte mellom nettoperatoren og den virtuelle operatoren. Regjeringa meiner difor at operatør med sterk marknadsstilling skal ha plikt til å imøtekomme rimeleg førespurnad om tilgang frå ein virtuell operatør, og at tilgangen i tilfellet skal bli gjeve på kommersielle og ikkje-diskriminerande vilkår.

Av omsyn til at det enno ikkje er avklart om UMTS vil bli definert som ein eigen marknad, vil plikta til å gje tilgang for virtuelle operatørar i første omgang vere avgrensa til tilbydarar med sterk marknadsstilling i GSM-marknaden. Vidareføring av slik plikt til andre marknader, til dømes i UMTS-marknaden, vil vere avhengig av dei marknadsdefinisjonane som vil bli utarbeidd i EU. Før det eventuelt blir gitt pålegg om slik tilgang, må myndighetene i tillegg gjennomføre ein analyse av marknaden for å avgjere om det er tilbydarar med slik marknadsstilling, samt gjere ei konkret vurdering av om det er naudsynt å innføre eit slikt pålegg av omsyn til å sikre konkurransen.

Gjennom den siste tildeling av nye GSM-konsesjonar i den norske marknaden, er terskelen for å få rett til å bruke eksisterande mobilnett så låg at det etter departementet si vurdering er lagt til rette for betre konkurranse gjennom ein tilgangsform som er svært lik virtuell operatørmodellen.

Frekvensar

Når det gjeld vurderinga av ulike metodar for tildeling av frekvensar, og av spørsmålet om innehavarane av frekvensrettane bør få høve til å avhende slike rettar, vert det i meldinga vist til at marknads- og teknologiutviklinga på mobilområdet skjer raskt, og at det av omsyn til å kunne tilpasse seg denne utviklinga er eit

behov for at telestyresmaktene blir gitt større fleksibilitet til sjølv å kunne velje den mest føremålstenlege metoden for tildeling av frekvensrettar.

Dagens ordning, der det er tatt atterhald om at bruk av auksjon som tildelingsmetode ikkje kan skje utan etter samtykke frå Stortinget, jf. Ot.prp. nr. 87 (2000-2001), jf. Innst. O. nr. 121 (2000-2001), er både omfattande og tidkrevjande, og det vert i meldinga difor foreslått at departementet sjølv får høve til å velje tildelingsmetode direkte.

I samband med handsaminga av St.meld. nr. 24 (1999-2000), jf. Innst. S. nr. 146 (1999-2000), slutta Stortinget seg til at Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet skulle følgje utviklinga framover i høve til spørsmålet om etablering av ein marknad for kjøp og sal av frekvensrettar. I det kommande regelverket frå EU vert det opna for at landa kan opprette ein slikt marknad, men Samferdselsdepartementet finn etter ei konkret vurdering ikkje grunn til å opne for dette på det noverande tidspunkt. Avgjerande for departementet si vurdering i denne samanheng har vore at høvet til å kunne overdra desse rettane vil kunne svekke samfunnskontrollen med bruken av frekvensane.

Departementet tek likevel sikte på å utvikle alternative tildelingsmetodar for framtidige konsesjonstildelingar, medrekna auksjonssystem med tilhøyrande høve til avhending av frekvensrettar.

3.1.2 St.meld. nr. 18 (2002-2003) - Tilleggsmeldinga

Markedets konkurransesituasjon

Som nærmere redegjort for i St.meld. nr. 32 (2001-2002), plikter nettoperatører med sterk markedsstilling å tilby andre tilgang til mobilnettene, jf. teleloven § 2-3. Med hjemmel i denne bestemmelsen er det utarbeidd en forskrift der vilkårene for slik tilgang er nærmere presisert. Av forskriften følger det bl.a. at tilgang til offentlige telenett skal tilbys til kostnadsorienterte priser.

En plikt for operatører med sterk markedsstilling til å gi tilgang til kostnadsorienterte priser, vil være et sentralt virkemiddel også i et formålsrettet reguleringsregime for å skape bærekraftig konkurranse. Tilgangsplikt for videreselgere kan bl.a. bidra til å øke forbrukernes valgfrihet. Men det er viktig å understreke i denne sammenheng at statens inngrep i mobilmarkedet ikke må føre til økt avhengighet av statlig regulering.

Det er samtidig viktig at statens rolle i markedet blir gjort tydeligere. Statens primære ansvar på mobilområdet er å bygge opp konkurranse mellom operatører, og se til at denne fungerer på en tilfredsstillende måte.

For et rent leieforhold som i tilfellet med videreselgere, må dette føre til at tilgangsprisene på en økonomisk forsvarlig måte kompenserer vedkommende nettoperatør slik at investerings- og innovasjonsincentivene blir ivaretatt. Videreselgeren må derfor stilles overfor vilkår som reflekterer den underliggende risikojusterte økonomiske kostnaden og de generelle kostnads- og etterspørselsforholdene i sektoren. Bare

på denne måten kan det legges til rette for en situasjon med flere selvstendige aktører i mobilmarkedet og mer reell konkurranse.

Departementets grunnleggende holdning er altså at videreselgere er et nyttig supplement til mobilnettoperatorene.

Departementet mener at det fremdeles bør innføres pålegg for operatører med sterk markedsstilling å gi virtuelle operatører tilgang til eksisterende nett. Det presiseres imidlertid at denne tilgangen må balansere risiko og gevinst over tid mellom nettverkseieren og den virtuelle operatøren, gjennom at tilgangen blir gitt på kommersielle og ikke-diskriminerende vilkår.

I kapittel 4 blir det gitt en orientering om innspill fra Post- og teletilsynet om fremtidig bruk av frekvensene som i dag brukes til drift av mobilsystemet NMT 450.

Departementet og Post- og teletilsynet vil sammen starte et arbeid med sikte på å utlyse og tildele tillatelse for 450 MHz-frekvensene i løpet av 2003.

Realisering av overordnede telepolitiske mål slik disse bl.a. kommer til uttrykk i gjeldende telelovgivning, vil være retningsgivende for hvordan tildelingen skal tilrettelegges, herunder hvilke vilkår som det evt. vil være naturlig å knytte til tillatelsen. Høringen og tilsynets anbefaling vil danne grunnlaget for det arbeidet som skal gjøres.

Det vil bli lagt særlig vekt på å finne frem til en realistisk måte å utnytte disse frekvensene på som vil gi en best mulig geografisk dekning.

3.2 Komiteens merknader

Om konkurranse og virtuelle operatører

Komiteen ønsker økt konkurranse innen både infrastruktur og tjenesteproduksjon slik at målene om nye, gode og rimelige mobiltjenester kan nås.

Komiteen mener at det regulatoriske regimet må stimulere til økt konkurranse på begge disse områdene.

Komiteen er enig med departementet i at det er nødvendig med nye tiltak for å styrke konkurransen i det norske mobilmarkedet. For å oppnå virksom konkurranse vil det fortsatt være behov for regulering av mobilmarkedet en stund fremover.

Komiteen har merket seg at flertallet av høringsinstansene støtter innføring av pålegg om tilgang for virtuelle operatører.

Komiteen har merket seg at også Post- og teletilsynet i sin rapport "Det norske mobilmarkedet" (2002) anbefaler å slippe til virtuelle operatører i GSM-nettet. Gjennom å pålegge mobilnettselskaper med sterk markedsstilling å gi tilgang til virtuelle operatører, vil en virtuell operatør ha tilgang til nettoperatorenes nett med sine egne tjenester.

Komiteen er enig med Regjeringen i at å slippe til virtuelle operatører er et virkemiddel for å styrke konkurransen.

Komiteen vil peke på at det er flere grunner til at fordelene ved å gi tilgang for virtuelle operatører veier tyngre enn de eventuelle ulempene. I tillegg til at tilgang for virtuelle operatører gir forbrukerne økt handlefrihet og nye tjenester, er det også effektivitetshensyn som kan tale for slik tilgang.

Komiteen vil også peke på at økt konkurranse vil kunne gi større trafikk i nettene, noe som igjen vil kunne gi økt og mer sikker inntjening for alle aktører.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Senterpartiet, finner at pålegg om tilgang for virtuelle operatører, samt tilgangen for videreselgere og tjenestetilbydere, vil kunne være positivt for nettoperatorenes inntjening.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet meiner at virtuelle operatørar sin tilgang til nettet framleis bør baserast på avtalar mellom partane, der partane blir samde om vilkåra for nettilgang utan at staten innfører pålegg. Det vil vere den beste løysinga for å oppretthalde investeringsmotiva til aktørane og sikre god dekningsgrad på tenestene.

Denne medlemmen registrerer likevel at fleirtalet i komiteen støtter innføring av pålegg om tilgang for virtuelle operatører.

Om pris for nettilgang og regulering

Komiteen vil peke på at ved innføring av pålegg om tilgang for virtuelle operatører, må nettselskap og virtuelle operatører forhandle om prisen for nettilgang. Post- og teletilsynet skal føre tilsyn med at slik tilgang blir gitt og at det skjer i henhold til gjeldende retningslinjer.

Komiteen er usikker på om flere nett og økt nettkonkurranse vil føre til at behovet for regulering av mobilmarkedet helt vil bortfalle. Det vil fortsatt kunne være behov for regulering av visse former for tilgang og betingelser. Det er ønskelig at aktørene i størst mulig grad blir enig om dette på kommersielle vilkår, men Post- og teletilsynet vil ha en sentral rolle i fastsetting av vilkår så lenge mobilmarkedet er definert som et regulert marked og det er aktører med sterk markedsstilling i dette markedet.

Komiteen vil peke på at videreselgere, tjenesteleverandører og virtuelle operatører også kan være viktige aktører i det fremtidige mobilmarkedet for å bidra til innovasjon, konkurranse og verdiskapning i tillegg til nettoperatorene. Dette er aktører som vil være viktige og velkomne i det norske mobilmarkedet.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, er av den oppfatning at Post- og teletilsynet må ha en stor grad av fleksibilitet i å benytte ulike prisfastsettingsmodeller og velge de modeller som er hensiktsmessige. Likeså må Post- og teletilsynet ha tilsvarende fleksibilitet til å sikre likebehandling av nettoperatorenes kjøp av kapasitet og tjenester i egne nett som nettoperatører gir til eksterne videreselgere, tjenestetilbydere og virtuelle operatører. Flertallet vil imidlertid understreke betydningen av forutsigbarhet i Post- og teletilsynets arbeid, slik at både nettoperatører og andre operatører sikres likeverdig langsiktighet.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet vil understreke at tilgangsprisene til nettoperatorenes infrastruktur må reflektere netteierens faktiske kostnader knyttet til utbygging og drift av nettet, inkludert en rimelig fortjeneste, for å gi incitamenter til å investere i eksisterende og nye mobilnett.

Disse medlemmer er av den oppfatning at Post- og teletilsynet må ha stor grad av fleksibilitet i å benytte ulike prisfastsettingsmodeller og velge de modeller som er hensiktsmessig.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet vil understreke at det i en opparbeidet kundemasse ligger en ikke ubetydelig verdi for alle typer teleoperatører. Disse medlemmer mener at det skal tas hensyn til opparbeidelse av egen kundemasse, slik at andre selskaper ikke vederlagsfritt kan bruke en allerede opparbeidet kundemasse.

Om frekvenser

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at frekvenser er en begrenset ressurs. Disse medlemmer mener derfor det er viktig at den politiske kontrollen over bruk av frekvenser videreføres og at auksjon som tildelingsmetode bare kan brukes etter godkjenning fra Stortinget. I en framtid hvor eierskap til frekvenser både vil være verdifull og gi eieren mulighet til å kontrollere hva som sendes på hvilke frekvenser. Uten politisk kontroll vil det kunne oppstå situasjoner der hvor mange frekvenser samlet på en sterk hand vil kunne gi meningsmonopol.

4. UTBYGGING AV UMTS I NORGE

4.1 Sammendrag

4.1.1 St.meld. nr. 32 (2001-2002)

UMTS vert gjerne kalla for tredje generasjons system for mobilkommunikasjon (3G) og baserer seg på ein anna radioteknologi enn GSM. Den nye teknologien er betre tilpassa overføring av tale og data, og brukarane kan vere kontinuerleg oppkopla mot nettet. Telenor ASA, Tele2 Norge AS og NetCom GSM as er innehavarar av konsesjon for UMTS. Konsesjonane vart tildelt hausten 2000 og gjeld fram til 31. desember 2012.

I kapittel 4 i St.meld. nr. 32 (2001-2002) er det sett nærmare på status for utbygginga av mobilsystemet UMTS i Noreg, behovet for å gjere endringar i konsesjonsvilkåra med grunnlag i at det har skjedd endringar i dei faktiske forholda sidan tildelinga fann stad, samt på spørsmålet om kva som vidare bør skje med den fjerde konsesjonen for UMTS som står ledig etter konkursen til Broadband Mobile ASA. (Seinare har også Tele2 levert tilbake sin konsesjon, jf. St.meld. nr. 18 (2002-2003), kap. 3 i meldinga og kap. 4.1.2 i innstillinga.)

Status for utbygginga

Når det gjeld status for utbygginga av UMTS i Noreg det første konsesjonsåret, viser innsendte rapportar frå konsesjonshavarane at ingen fullt ut har klart å halde utbyggingsløfta som vart gitt for å få konsesjon. Løfta er teke inn som individuelle vilkår om utbygging i konsesjonane til dei som vart tildelt konsesjon. NetCom GSM as er den av konsesjonshavarane som har gjennomført den mest omfattande utbygginga det første året, men er likevel eit godt stykke unna i å oppfylle utbyggingskrava etter konsesjonen. Telenor ASA som forplikta seg til ei mindre omfattande utbygging enn dei andre det første konsesjonsåret, er den av konsesjonshavarane som er nærmast i å oppfylle dei individuelle konsesjonsvilkåra om utbygging.

Det er ikkje berre i Noreg at lanseringa av UMTS har støtt på vanskar. Situasjonen er den same i dei andre EU-landa, og EU-kommisjonen har på denne bakgrunn sett i gang eit arbeid med å sjå nærmare på kva som bør gjerast for å få til ein vellukka introduksjon av det nye mobilsystemet i fellesskapet. Fleire EU-land har allerede gjort tilpassingar i konsesjonsvilkåra til den nye situasjonen, til dømes ved å utsetje konsesjonsfristen med omsyn til utbygging og ved å tillate større grad av samarbeid mellom konsesjonshavarane i samband med nettutbygginga for å gjere det billegare å gjennomføre utbygginga det er gitt lovnad om.

Hovudårsakene til at konsesjonshavarane i EU-landa og i Noreg har vanskar med å oppfylle løfta som vart gitt for å få konsesjon, er den generelle økonomiske nedgangen som har skjedd i tida etter at konsesjonane vart fordelte i dei fleste europeiske landa, og forseinkingane som har oppstått i høve til utviklinga av felles standard for UMTS. Ved tildelinga var det høg betalingsvilje for å få konsesjon, anten i form av høge auksjonsbod eller løfte om omfattande utbygging, avhengig av kva for tildelingsmetode som vart lagt til grunn for fordelinga. Den økonomiske tilbakegangen som har skjedd i tida etter fordelinga fann stad, har gjort det vanskeleg for konsesjonshavarane å innfri betalings- og utbyggingsløfta fullt ut.

Forseinkinga i utviklinga av felles UMTS-standard har gjort det spesielt vanskeleg for dei konsesjonshavarane som har teke på seg å gjennomføre ei rask utbygging av UMTS. Produksjonen av både nettverksutstyr og terminalar er vesentleg forseinka som følgje av at standardiseringsarbeidet har teke lengre tid enn venta. Utstyret som hittil har vorte levert har berre vore tilgjengeleg i eit avgrensa omfang, og vidare må dette utstyret skiftast ut med nytt utstyr då det byggjer på ein anna UMTS-standard enn den som vil bli lagt til grunn kommersielt. Utstyret som alt er levert vert opplyst å ikkje vere kompatibelt med utstyr basert på UMTS-standard som vil bli lagt til grunn kommersielt.

Endring av rammevilkår

Med grunnlag i endringane i faktiske forhold som har skjedd sidan konsesjonane vart fordelte, vert det i meldinga gjort ei vurdering av spørsmålet om det er behov for å endre rammevilkåra for UMTS for på den

måten å få til ei utbygging av det nye mobilsystemet i tråd med dei politiske måla som vart lagt til grunn for tildelinga. Det vert i denne samanheng spesielt sett nærmare på om det er grunn til å endre konsesjonsvilkåret om utbyggingstakt, samt om det skal opnast for at konsesjonshavarane i større grad enn i dag får høve til å oppfylle utbyggingsvilkåra gjennom nettverksdeling.

